



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
025/18	Administrasjonsutvalet	22.11.2018
030/18	Omsorg - oppvekst og kultur	19.11.2018
057/18	Plan og utvikling	19.11.2018
033/18	Prosjekt, drifts- og eigeidomsutval	19.11.2018
086/18	Formannskapet	22.11.2018
	Kommunestyret	

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
18/449 - 18/7204	K1 - 151, K1 - 145	Reidar Johnsen 57 63 29 40	11.11.2018

Budsjett 2019 og økonomiplan 2019 - 2022

Tilråding frå rådmannen:

Budsjett

1. Driftsbudsjettet blir vedteke i samsvar med driftsoversikt samt skjema 1A og 1B i budsjettdokumentet.

2. Investeringar med finansiering blir vedteke i samsvar med «framlegg investeringar» samt skjema 2A og 2B i budsjettdokumentet.

3. Inntektsskatt og formueskatt blir sett i samband med vedteke statsbudsjett. Marginavsetjing blir sett til 9 % av innbetalt skattebeløp.

4. For eideomsskatteåret 2019 skal det skrivast ut eideomsskatt på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, fj. Eideomsskattelova (esktl.) § 3 første ledd bokstav c. For eideomsskatteåret 2019 skal det vidare skrivast ut eideomsskatt på bygningar og grunnareal for verk og bruk som frå og med 2019 blir klassifisert som næringsseideom, så langt desse var omfatta av eideomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2018, jf. Overgangsregelen til eideomsskattelova §§ 3 og 4 andre ledd. Eideomsskatten forfell 10. april og 10. oktober.

5. Rådmannen får fullmakt til å fordele midlar frå avsett lønsreguleringsfond til einingane når lønsoppgjeret for 2019 er klart.

6. Prisar og gebyr blir vedtekne i samsvar med dokument «prisar og gebyr 2019».

7. Renovasjons- og slamgebyr til Simas IKS vert auka i tråd med framlegg frå representantskapen i Simas. Framlegget ligg bakerst i dokumentet «prisar og gebyr 2019».

8. Det blir teke opp lån til investeringar med kr 31.990.000. Rådmannen får fullmakt til å inngå lånevilkår.

9. Budsjett for konsesjonsavgiftsfondet blir vedteke i samsvar med tabell på side 32 i budsjettdokumentet.

10. Økonomiplan 2019 - 2021 blir vedteken i medhold av kommunelova § 44 og i samsvar med tekst og tabellar i dokumentet «økonomiplan 2019-2022»

Saksframlegg

Økonomiplan blir handsama i samsvar med kommunelova § 44 og budsjett i samsvar med kommunelova § 45.

Vurdering

Sjå vedlagte dokument

19.11.2018 Omsorg - oppvekst og kultur

Tilleggsforslag:

Uttale til budsjett 2019 / økonomiplan 2019 - 2022 frå utval for omsorg, oppvekst og kultur (OOK):

1. Stilling som treningskontakt blir vidareført i noverande stillingsstorleik og innafør ramma. Ved behov for tilleggsøyvingar må dette takast av disposisjonsfondet.

Det er viktig at evaluering av ei prosjektstilling vert gjort innanfor prosjektperioden for å unngå å bryte kontinuiteten ved eventuell vidareføring av stillingar.

2. Kontinuerleg opptak for barnehagane blir vidareført og stenging i høgtider (jul og påske) blir uendra i høve til dagens vedtekter.

3. Ny barnehage skal ha kapasitet til å kunne romme plassar totalt i kommunen, slik at ein tek høgde for ein eventuell framtidig endring i barnehagestruktur, men det er per idag ikkje ynskje om endra barnehagestruktur.

4. Dersom SFO-vedtekter skal endrast må desse sendast på høyring.

5. Fullføring av gang/sykkelveg frå Brekkehagen til Flåm skule, i henhold til reguleringsplan, blir vurdert i planperioden.

6. Bygningsmessige tiltak pleie og omsorg blir framskunda 1,5 millionar i 2019 og 10 millionar i 2020 og 10 millionar i 2021.

7. Dagsturhytta er sett opp, men tilkomst er vanskeleg. Ber om at tiltak blir vurdert.

Framlegg frå utvalet:

1. Stilling som treningskontakt blir vidareført i noverande stillingsstorleik og innafør ramma. Ved behov for tilleggsøyvingar må dette takast av disposisjonsfondet.

Det er viktig at evaluering av ei prosjektstilling vert gjort innanfor prosjektperioden for å unngå å bryte kontinuiteten ved eventuell vidareføring av stillingar.

Framlegg frå Monica Finden:

2. Kontinuerleg opptak for barnehagane blir vidareført og stenging i høgtider (jul og påske) blir uendra i høve til dagens vedtekter.

Framlegg frå utvalet:

3. Ny barnehage skal ha kapasitet til å kunne romme plassar totalt i kommunen, slik at ein tek høgde for ein eventuell framtidig endring i barnehagestruktur, men det er per idag ikkje ynskje om endra barnehagestruktur.

Framlegg frå Monica Finden:

4. Dersom SFO-vedtekter skal endrast må desse sendast på høyring.

5. Fullføring av gang/sykkelveg frå Brekkehagen til Flåm skule, i henhold til reguleringsplan, blir vurdert i planperioden.

6. Bygningsmessige tiltak pleie og omsorg blir framskunda 1,5 millionar i 2019 og 10 millionar i 2020 og 10 millionar i 2021.

Framlegg frå Bengt Erlend Skjerdal:

7. Dagsturhytta er sett opp, men tilkomst er vanskeleg. Ber om at tiltak blir vurdert.

Utvalet deltok på felles orientering til utvala PUT, OOK, PDEU og Aurland Eldreråd v/ økonomisjef Reidar Johnsen og rådmann Steinar Søgård i forkant av utvalsmøtet. Tema: Budsjett 2019 og økonomiplan 2019 - 2022.

Røysting

Framlegg frå utvalet: Punkt 1: samrøystes

Framlegg frå Monica Finden: Punkt 2: 1 røyst for, 4 røyster mot

Framlegg frå utvalet: Punkt 3: samrøystes

Framlegg frå Monica Finden: Punkt 4, 5 og 6 : samrøystes

Framlegg frå Bengt Erlend Skjerdal 7: samrøystes

OOK-030/18 Vedtak:

Innspel til budsjett 2019 / økonomiplan 2019 - 2022 frå Omsorg, oppvekst og kultur (OOK):

Stilling som treningskontakt blir vidareført i noverande stillingsstorleik og innafør ramma. Ved behov for tilleggsløyvingar må dette takast av disposisjonsfondet.

Det er viktig at evaluering av ei prosjektstilling vert gjort innanfor prosjektperioden for å unngå å bryte kontinuiteten ved eventuell vidareføring av stillingar.

Ny barnehage skal ha kapasitet til å kunne romme plassar totalt i kommunen, slik at ein tek høgde for ein eventuell framtidig endring i barnehagestruktur, men det er per idag ikkje ynskje om endra barnehagestruktur.

Dersom SFO-vedtekter skal endrast må desse sendast på høyring.

Fullføring av gang/sykkelveg frå Brekkehagen til Flåm skule, i henhold til reguleringsplan, blir vurdert i planperioden.

Bygningsmessige tiltak pleie og omsorg blir framskunda 1,5 millionar i 2019 og 10 millionar i 2020 og 10 millionar i 2021.

Dagsturhytta er sett opp, men tilkomst er vanskeleg. Ber om at tiltak blir vurdert.

19.11.2018 Plan og utvikling

Tilleggsforslag:

Framlegg frå utvalet:

Oppstart reguleringsarbeid næringsareal Terahagen blir prioritert inn i budsjett 2019 med 0,5 mill kr. Plan og utvikling er positiv til å styrke planressursane med ei stilling.

Utvalet deltok på felles orientering til utvala PUT, OOK, PDEU og Aurland Eldreråd v/ økonomisjef Reidar Johnsen og rådmann Steinar Søgård i forkant av utvalsmøtet. Tema: Budsjett 2019 og økonomiplan 2019 - 2022.

Røysting

Framlegg frå utvalet: samrøystes

PUT-057/18 Vedtak:

Innspel til budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022 frå Plan og utvikling (PUT) :

Oppstart reguleringsarbeid næringsareal Terahagen blir prioritert inn i budsjett 2019 med 0,5 mill kr.

Plan og utvikling er positiv til å styrke planressursane med ei stilling.
Samrøystes

19.11.2018 Prosjekt, drifts- og eigedomsutval

Tilleggsforslag:

Framlegg frå utvalet:

Tillegg punkt 1: PDEU oppmodar om at ledige næringsareal vert lyst ut. PDEU ynskjer meir informasjon om innhaldet i driftsbudsjettet på funksjonsnivå.

Tillegg punkt 2: PDEU ynskjer at tiltaket «bygningmessige tiltak pleie og omsorg» får framskuven middlar til oppstart av planarbeid i 2019. Prosjektet « 25 VA forbi Fretheim Hotel» bør aukast med 500 000,- NOK til 1 700 000,- NOK.

Tillegg punkt 6: , med justering av pris- og gebyr for bruk av symjehall/trimrom i samsvar med vedtak i SAK 028/18 i PDEU.

Utvalet deltok på felles orientering til utvala PUT, OOK, PDEU og Aurland Eldreråd v/ økonomisjef Reidar Johnsen og rådmann Steinar Sjøgaard i forkant av utvalsmøtet. Tema: Budsjett 2019 og økonomiplan 2019 - 2022.

Røysting

Framlegg frå utvalet: samrøystes

DEU-033/18 Vedtak:

Innspel til budsjett 2019 og økonomiplan 2019 - 2022 frå Prosjekt, drift og eigedom (PDEU):

Tillegg punkt 1: PDEU oppmodar om at ledige næringsareal vert lyst ut. PDEU ynskjer meir informasjon om innhaldet i driftsbudsjettet på funksjonsnivå.

Tillegg punkt 2: PDEU ynskjer at tiltaket «bygningmessige tiltak pleie og omsorg» får framskuven middlar til oppstart av planarbeid i 2019. Prosjektet « 25 VA forbi Fretheim Hotel» bør aukast med 500 000,- NOK til 1 700 000,- NOK.

Tillegg punkt 6: , med justering av pris- og gebyr for bruk av symjehall/trimrom i samsvar med vedtak i SAK 028/18 i PDEU.

Samrøystes

22.11.2018 Administrasjonsutvalet

Tilleggsforslag:

Framlegg frå Noralv Distad:

Administrasjonsutvalet tilrår at det skal gjennomførast ein gjennomgang av tenestestandard og kostandsnivå i Aurland kommune, for alle driftseiningar.

Orientering i møtet

Rådmann Steinar Sjøgaard var tilstades under handsaming av sak 025/18 og orienterte om endra rammeføresetnader og konsekvensar for organisasjon og tilsette.

Røysting

Framlegg frå Noralv Distad: samrøystes

ADM-025/18 Vedtak:

Administrasjonsutvalet tilrår at det skal gjennomførast ein gjennomgang av tenestestandard og kostandsnivå i Aurland kommune, for alle driftseiningar.

Samrøystes

22.11.2018 Formannskapet

Tilleggsforslag:

Framlegg frå formannskapet:

Reguleringsarbeid 2019 vert gjennomført i samsvar med prioritering i kommunestyre.

Ledige næringsareal /lokale skal lysast ut.

Prosjektet "25 VA forbi Fretheim Hotel" vert auka med 500 000,- NOK til 1 700 000,- NOK.

Finansiert med låneopptak.

Gebyrhefte vert justert med pris - og gebyr for bruk av symjehall/trimrom i samsvar med vedtak i sak 028/18 i PDEU.

Ordninga med treningskontakt blir vidareført.

Innspel frå OOK når det gjeld gang og sykkelveg frå Brekkehagen til Flåm skule vert oversendt til PUT til vurdering.

Bygningsmessige tiltak pleie og omsorg blir framskunda med 1,5 millionar i 2019 og 10 millionar i 2021 og 10 millionar i 2022.

Det skal gjennomførast ein gjennomgang av tenestestandard og kostnadsnivå i Aurland kommune, for alle driftseiningar.

Budsjettert utbytte vert sett til 10 millionar.

Framlegg frå Noralv Distad:

Det vert ikkje innført eigedomsskatt på næring frå 2020.

Framlegg frå Anders Fretheim:

1.Aurland kommune opphevar vedtak om Aurland barnehage i KS 039/17.

2.Det vert innhenta utgreiing om Vangen barnehage som ny barnehage.

Framlegg frå formannskapet:

Budsjett konsesjonsavgiftsfondet

Utviklingsarbeid parkering/reisemålsbidrag vert sett til 0

Verdsarvsenter Aurland kommune vert sett til 0

1x Dyrlege kr 150 000 går ut (lagt inn to ganger)

Sti og løypeprosjekt vert sett til 0

Tilskot vert endra til Tilskot og prosjekt og endra frå kr 1 300 000 til kr 2 200 000

Framlegg frå Anders Fretheim:

Disposisjonsfond Vassbygdvegen

Aurland kommune opprettar eit fond for opprusting av gamle Vassbygdvegen som gang og sykkelsti. Årleg avsetnad kr 300 000, - inntil opprusting finn sted. Aurland kommune søker E-Co om eit årleg bidrag.

Framlegg frå Anders Fretheim:

Turveg Heggviki - Bøen

Aurland kommune lyser ut prosjektstilling for 2019 til å arbeide med grunnerverv/avtalar for å sikre framdrift i arbeidet. Løyving 1 mill.

Vedtak i Plan og utvikling (PUT), Omsorg, oppvekst og kultur (OOK) og Prosjekt, drift og eigedomsutvalet (PDEU) 19.11.2018 og vedtak i Administrasjonsutvalet 22.11.2018 sak budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022 vart utdelt i møte.

FRÅ AURLAND ELDRERÅD - utdelt i møtet:

Innspel til økonomiplan 2019-2022 og budsjett 2019 frå Aurland Eldreråd - sak 21/18

Aurland Eldreråd har hatt møte 20. november. I sak 21/18 Framlegg til økonomiplan 2019-2022 og budsjett 2019 har Aurland Eldreråd komme med fylgjande innspel:

Eldrerådet ser det som viktig å vidareføre tenesta med treningskontaktar. Dette har vore ei bra ordning for mange som treng det.

På Aurland Helsetun er det viktig at bygningsmessige tiltak vert framskunda slik: 1,5 million kr i 2019. Så 10 millionar i 2020, og 10 millionar i 2021.

Når det gjeld omsorgsbustadar, så samsvarar ikkje månadsleige med bygningsstandaren. Totalkostnaden for dei som bur i omsorgsbustadar og i bufellesskap vert særst høg, når husleiga og måltida vert slegne saman.

Innspel til økonomiplan 2019-2022 og budsjett 2019 frå Aurland Eldreråd - sak 22/18
Aurland Eldreråd har hatt møte 20.november. I sak 22/18 symjetilbod vil Aurland Eldreråd komme med fylgjande innspel til opningstider og bruken av symjehallen.

Eldrerådet er overraska over at det nye symjebassenget med terapibad er førespeilt om lag same opningstid som tidlegare, og ber om at det vert teke omsyn til meir tilgjenge for alle.

Eldrerådet håpar på at med nytt basseng med terapibad, så vil det opne opp for fleire brukarar.

Vi ynskjer utanom dei vanlege opningstidene, at terapibadet vert meir tilgjengeleg for brukargrupper som revmatikarar, rullestolbrukarar, psykisk sjuke, babysymjing, eldre med fleire. For desse gruppene må det vere andre opningstider.

Dei eldre og andre brukarar kan bruke bassenget på dagtid og ettermiddag
Babysymjing må vere saman med foreldre, og ha eige tilbod

Symjing og trening i basseng må vere eit godt tilbod som fysioterapeut, helsesøster, jordmor og legar vil tilrå dei ulike gruppene til å nytte

Slik me hugsar det, så vart bassenget i Flåm mykje nytta, til stor glede for dei ulike brukarane

Det bør vere høve til å ta omsyn til dei ulike gruppene; på sikt kan dette bli ein vinn-vinn situasjon for kommunen i det lange løp.

VEDTAK I PDEU 15.10.2018 - utdelt i møtet:

Framlegg om prissetting av symjetilbodet i Aurland vedtak i PDEU 15.10.2018

Vedtak:

Rådmannen foreslår at ein nyttar ein pris på kr 100 for vaksne og halv pris for born, unge og studentar. Ei felles klyppekortordning med trimrommet er anbefalt. Bruk av periodebillett er ikkje anbefalt.

I tabell 1 og 2 er rådmannens forslag til prisar presentert.

Tabell 1: Oversikt over forslag til enkeltbillettprisar

Symjehall:	Aurland
Billetypar:	
Småbarn:	50
Barn:	50
Ungdom:	50
Student:	50
Vaksen/ honnør:	100
Familiebillett:	-

Tabell 2: Oversikt over forslag til pris for klyppekort til symjehall og trimrom med 12 besøk

Symjehall:	Aurland
------------	---------

Billetypar:	
Småbarn:	365
Barn:	365
Ungdom:	365
Student:	365
Vaksen/honnør:	630

Rådmann foreslår ei vidareføring av tidlegare opningstider
Samrøystes vedtak i PDEU

Røysting

Framlegg frå Formannskapet til budsjett 2019: samrøystes

Framlegg frå Noralv Distad - Det vert ikkje innført eigedomsskatt på næring frå 2020: 4 røyster for, 1 røyst mot

Framlegg frå Anders Fretheim - barnehage: 1 røyst for, 4 røyster mot

Framlegg frå formannskapet - budsjett konsesjonsavgiftsfondet: samrøystes

Framlegg frå Anders Fretheim - Disposisjonsfond Vassbygdvegen: 1 røyst for, 4 røyster mot

Framlegg frå Anders Fretheim - Turvegen Heggviki - Bøen: 1 røyst for, 4 røyster mot

Tilråding frå rådmannen, med endring i formannskapet: samrøystes

Innspel frå OOK når det gjeld gang og sykkelveg frå Brekkehagen til Flåm skule vert oversendt til PUT til vurdering.

FS-086/18 Vedtak:

Budsjett

1. Driftsbudsjettet blir vedteke i samsvar med driftsoversikt samt skjema 1A og 1B i budsjettdokumentet, med slik endring:

Reguleringsarbeid 2019 vert gjennomført i samsvar med prioritering i kommunestyre.

Ledige næringsareal /lokale skal lysast ut.

Ordninga med treningskontakt blir vidareført.

Det skal gjennomførast ein gjennomgang av tenestestandard og kostnadsnivå i Aurland kommune, for alle driftseiningar.

Bygningsmessige tiltak pleie og omsorg blir framskunda med 1,5 millionar i 2019 og 10 millionar i 2021 og 10 millionar i 2022.

Aurland kommune vidarfører avtale med Aurland Energiverk AS om sal av konsesjonskraft i 2019 med påslag på 8 øre/KWh (FS-vedtak 085/18, 22.11.2018)

Budsjettert utbytte vert sett til 10 millionar.

2. Investeringar med finansiering blir vedteke i samsvar med «framlegg investeringar» samt skjema 2A og 2B i budsjettdokumentet, med slik endring:

Prosjektet "25 VA forbi Fretheim Hotel" vert auka med 500 000,- NOK til 1 700 000,- NOK.

Finansiert med låneopptak.

3. Inntektsskatt og formueskatt blir sett i samband med vedteke statsbudsjett.

Marginavsetjing blir sett til 9 % av innbetalt skattebeløp.

4. For eigedomsskatteåret 2019 skal det skrivast ut eigedomsskatt på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, fj. Eigedomsskattelova (esktl.) § 3 første ledd bokstav c. For eigedomsskatteåret 2019 skal det vidare skrivast ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal for verk og bruk som frå og med 2019 blir klassifisert som næringseigedom, så langt desse var omfatta av eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2018, jf. Overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 andre ledd. Eigedomsskatten forfell 10. april og 10. oktober.

5. Rådmannen får fullmakt til å fordele midlar frå avsett lønsreguleringsfond til einingane når lønsoppgjeret for 2019 er klart.

6. Prisar og gebyr blir vedtekne i samsvar med dokument «prisar og gebyr 2019», med slik endring:
Gebyrhefte vert justert med pris - og gebyr for bruk av symjehall/trimrom i samsvar med vedtak i sak 028/18 i PDEU.

7. Renovasjons- og slamgebyr til Simas IKS vert auka i tråd med framlegg frå representantskapen i Simas. Framlegget ligg bakerst i dokumentet «prisar og gebyr 2019».

8. Det blir teke opp lån til investeringar med kr 31.990.000. Rådmannen får fullmakt til å inngå lånevilkår.

9. Budsjett for konsesjonsavgiftsfondet blir vedteke i samsvar med tabell på side 32 i budsjettokumentet, med slik endring:
Utviklingsarbeid parkering/reisemålsbidrag vert sett til 0
Verdsarvsenter Aurland kommune vert sett til 0
1x Dyrlege kr 150 000 går ut (lagt inn to ganger)
Sti og løypeprosjekt vert sett til 0
Tilskot vert endra til Tilskot og prosjekt og endra frå kr 1 300 000 til kr 2 200 000

10. Økonomiplan 2019 - 2021 blir vedteken i medhold av kommunelova § 44 og i samsvar med tekst og tabellar i dokumentet «økonomiplan 2019-2022», med slik endring:
Det vert ikkje innført eigedomsskatt på næring frå 2020.

Vedlegg:

Økonomiplan 2019-2022 og budsjett 2019 - framlegg frå rådmannen
Prisar og gebyr 2019